



## Avduking av minnesmerke på Turøy

- 6 På 3-årsdagen etter helikopterulukka vert det avduka eit minnesmerke.



- 4 Kyrkjevalet 2019
- 5 Frykt for å snakke om tru
- 8 Konfirmantane sin våraksjon
- 9 Årsmelding 2018
- 17 Årets konfirmantar

### 18 Gler seg til småbarnssang

– Når Cornelia får høyre at vi skal i kyrkja er dagen redda!

# Terje Aannerød (53) er død



Sokneprest i Fjell, Terje Aannerød, døde natt til tysdag 26. mars etter lengre tids sjukdom. Han fekk påvist alvorleg kreft hausten 2018. Sjukdomen var av ein slik art at den ikkje kunne stoggast.

Terje Aannerød har sett djupe spor ved si teneste i Fjell. Han vart innsett som en ung kapellan i 1994 – 28 år gamal, vart seinare sokneprest og fikk heile si presteteneste i Fjell – til saman 25 år.

Terje Aannerød vart gravlagt frå Fjell kyrkje fredag 5. april. Biskop Halvor Nordhaug forretta i gravferda. Det var helsingar frå Fjell kommune og kollegiet.

*Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje*

## Helsing fra prosten

Jeg har på grunn av sjukdom vært ute av tjeneste i flere måneder. I oktober ble jeg kreftoperert, og etter en kort periode i delvis arbeid igjen, fikk jeg like før jul et akutt hjerteinfarkt.

Nå er jeg med på hjerterehabilitering på Haukeland universitetssjukehus. Jeg er svært takknemlig for den hjelpen jeg har fått av helsevesenet.

Hjertelig takk for all omtanke og forbønn dere har vist i denne tida! Det har betydd mye for meg, og jeg har satt stor pris på en slik medfølelse! Gjennom alt som har skjedd, har jeg opplevd Guds styrke og nærvær.

*Erling Kopperud*

## Redaktøren har ordet

**Olav Martin Vik**

Kyrkjeverje/redaktør



Når du les dette bladet er me alt komne langt ut på våren. Me ser korleis dette vakre skaparverket endrar seg og nytt liv spirer fram. Slik vert det og når ein søker inn i Guds ord og ser alt det gode God har tenkt for oss. Nytt høvet til å lese i Bibelen og kom på våre gudstenester og andre samlingar der Ordet vert formidla.

Me er i ein prosess der kyrkjestabane i Fjell, Sund og Øygarden skal sameinast. Dette arbeidet har me snart drive på med i 2 år. Nye relasjonar mellom menneske skal opparbeidast. Nye system for det meste av det me driv på med skal byggjast opp. Våre medarbeidarar har gjort ein god jobb. Dei har stått på med samanslåingsarbeidet i tillegg til daglege gjeremål. Vårt arbeid skal gå som normalt sjølv om det er mykje prosjektarbeid. Eg gir stor ros til våre medarbeidarar. Snart er me ferdig med dei tyngste oppgåvene i samanslåingsprosessen. Takk også til menneska i dei kyrkjelege råda som står opp under arbeidet.

Konfirmasjonane kjem no på rekke og rad. Det er viktig at dei unge søker til kristne samanhengar etter konfirmanttida. Foreldre og fadrar har eit ansvar for å følgje opp dei unge og gi dei råd om livet vidare. Dei unge er varmt velkommen til våre samanhengar også etter konfirmasjonen. Eg ønskjer alle ein fin vår vidare.

*Olav Martin Vik*





# Det er eg

Det var blitt fredag. Klokka var omrent fire om natta i den mørke hagen. Lærersveinane hadde sovna. Men Jesus var lys vaken og han høyrdtaktfaste skritt av soldatar. Fremst i følgjet gjekk ein av hans nærmeste vene, Judas. Han hadde seld sin Frelsar.

Jesus kjem vaktstyrken og sin svikar i forkjøpet, trer fram og seier: «Det er eg», Joh 18, 5.


Krafta i utsagnet er stort. Frelsaren tronar fram, medan soldatane fell til marka. For her er han, klar for å verte teken. Det var ikkje naudsint med offiserar av høg rang eller sverd og skjold. Dei trengte ingen forrædar eller 30 sølvpengar. Ingen må tru at det var dei mange våpen som overvann han. Jesus trer frivillig fram. Frivillig valde han å gå lidingsvegen.

I Johannes 10, 18 står det: «Ingen tek livet mitt, eg gir det frivillig. Eg har makt til å gi det, og eg har makt til å ta det tilbake. Denne oppgåva fekk eg av Far min.»

Ein annan stad talar Jesus dei same orda. «Det er eg». Det var natta lærersveinane var på Genesaretsjøen og kjempa mot høge bølgjer. Dei skreik av frykt og trudde dei såg eit gjenferd. Men det var Jesus som gjekk imot dei på havet og kom med ord som kan roa det mest engstelege sinn: «Det er eg. Ver ikkje redde», Matt 14, 27.

Denne påska kan me høre Jesu røyst til oss. «Det er eg», seier han, «som kan frelize deg». «Det er eg», seier han, «som kan gi deg fred i ditt opprørde hav». Ein betre bodskap finns ikkje.

God påske!



Illustrasjonsfoto: Unsplash



ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Øygarden.

Det er også mange abonnementar utanfor kommunen.

Kontingent og annonsar er avgjeraande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

## Kjem ut i 2019:

7. juni, 30. august,  
4. oktober og  
6. desember.

Redaksjonen vert avslutta ei veke før.

## ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

**Telefon:** 56 38 22 40

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Postadresse:** ØyNytt, postboks 144, 5331 Rong

**Utgjevar:** Øygarden sokneråd

**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik

**Redaksjonen:** Hogne Berland, Espen Sigve Tveten, Olav Martin Vik og Kari Sandøy Rong

**Grafisk produksjon:** Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** Bodoni AS

**Distribusjon:** Hammer Transport (i Øygarden) og Posten (utanfor Øygarden)

**Kontingent:** Kr 125 i Øygarden / Kr 175 utanfor Øygarden

**Takkeannonser:** Kr 100

**Annonsar:** Kontakt redaksjonen

**Bankkontonummer:**  
3628.07.02557 for kontingenter og gåver

**Opplag:** 2500 pr. nummer. 6 nummer i året.

## DEN NORSKE KYRKJA

**Telefon:** 56 38 22 40

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Øygarden kyrklege fellesråd**

**Besøksadresse:** Kyrkjekontoret Øygarden, Rong sentrer

**Postadresse:** Postboks 144, Rong

**Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**  
[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

**Facebook:** kyrkjaoiygarden

**Instagram:** kyrkjaoiygarden

**Soknepresten i Øygarden:**

Espen Sigve Tveten

**E-post:** et838@kyrkja.no

**Telefon:** 56 38 22 40

**Leiar i soknerådet og kyrklege fellesråd:**  
Erling Vik  
**Telefon:** 482 10 462

**Org. nr. Øygarden kyrklege fellesråd:** 976 995 430

**Bankkonto for gåver:**  
3628.55.90870

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps**

## KUNNGJERING OM GRAVLEGGING I TO NIVÅ – BLOMVÅG GRAVPLASS

Med heimel i gravlassforskrifta § 18 kunngjør Øygarden kyrkjelege fellesråd som gravferdsmyndighet, at det vert gravlegging i to nivå på den vestre delen av Blomvåg (nye) gravlass.

Gravlassen er heva slik at det vert mogeleg å sette kister i to nivå. Dette erstattar festa dobbelgrav (graver ved sida av kvarandre).

Grava kan berre disponerast av den som står som festar av grava. Det er altså ingen «ukjente» som kan gravleggast i nivå 2. Den er reservert og det er festar som har råderetten.

Ved kommande gravlegging på den vestre delen av Blomvåg (nye) gravlass vert den nye ordninga nytt.

Med omsyn til djupne og korleis dette vert merkbart ved gravlegging, så vil ein i liten grad sjå forskjell på dagens djupne og djupne ved gravlegging i to nivå.

Spørsmål om ordninga kan rettast til Øygarden kyrkjelege fellesråd, e-post: post.oygarden@kyrkja.no

Aktuelle gravferdsbyrå får melding om ordninga og pårørande vil bli orientert av gravferdsbyrået når ein fyller ut begjæring om gravlegging.

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje

## KUNNGJERING OM KRAV TIL LISTEFORSLAG VED VAL TIL SOKNERÅD

På vegne av valstyret i Hjelme og Blomvåg sokn, kunngjør kyrkjeverja krav til listeforslag ved val til sokneråd. Krava er heimla i reglane for kyrkjeval § 7.

Krava kan ein lese på  
[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

Kyrkjeverja i Fjell, Sund og Øygarden

**Kyrkjevalet**  
8.-9. sep. 2019

## Kyrkjevalet er to val

Hausten 2019 kan du stemme i to kyrkjeval



Alle kandidatar blir  
presenterte på  
[kyrkjevalet.no](http://kyrkjevalet.no)

Soknerådsvalet




Bispedømerådsvalet




Eit valkort kjem i posten i august  
2019 til alle som har stemmerett.

Du stemmer på representantar  
til ditt lokale sokneråd

Sokneprest



Kvart råd har 4-10  
medlemmar + soknepresten



Det blir vald representantar til 1200 sokneråd.


Ein skal velje over 8000  
soknerådsmedlemmar

Dette driv soknerådet med: Trusopplæring  
blant døpte mellom 0 og 18 år, diakonalt arbeid  
(omsorgstjenesta i kyrkja), gudstenester,  
kyrkjemusikk, ofringar, utleige av kyrkja,  
uttalerett ved tilsetting av prest, prost og biskop,  
samarbeid med frivillige og langsiktig planlegging  
av arbeidet i kyrkjeliden.

11 BISPEDØMER




Du stemmer på representantar til bispedømerådet i det bispedømet du er busett i



Kvart bispedømeråd har 10 medlemmer.

Denne deltek på Kyrkjemøtet, det øvste organet i kyrkja



Kyrkjemøtet er Den norske  
kyrkja sitt øvste nasjonale  
organ. Bli arrangert ein gong i  
året. Vedtek m.a. gudstenstlelege  
bøker, endringar i kyrke-  
ordninga, og planer for kyrkja si  
undervisning, diaconi,  
kyrkjemusikk og for økumenisk  
verksamhet.


I tillegg møter seks  
andre i Kyrkjemøtet:

- Preses i Bispemøtet
- Døvekyrkja
- 3 samiske  
representantar (i  
dei tre  
nordlegaste  
bispedømeråda).
- Leiar i Samisk kyrkjelid



DEN NORSKE KYRKJA

# Frykt for å snakke om tru



Det er fare på ferde når ni av ti kristne studentar ikkje våger å snakke om trua si.

Kristne har ei oppgåve med å gi den kristne trua vidare til neste generasjon. Det er alltid den noverande generasjonen som avgjer om evangeliet vert ført vidare.

## Kva skal dei svara?

Unge menneske veit ikkje kva dei skal seie når dei blir spurt om trua si. Dette er hovudgrunnen til at dei fleste prøvar å unngå å snakke om tru. Dette kjem fram i ei ny undersøking gjort av Laget. På andre plass kom frykta for å støyte nokon.

Det er alvorleg at ni av ti kristne studentar ikkje snakkar ope om trua si. Mange faktorar spelar inn og her er eit knippe.

## Tru og vitskap

Myten om at tru og viteskap ikkje let seg kombinera har fått rotfeste i Noreg. På høgskulane er det få undervisarar som tek til orde for at det er fullt ut mogeleg å vere kristen og samtidig støtte seg til vitenskapen.

## Samfunn i endring

Det vert vanskeleg å manøvrere i eit samfunn der idealet er religiøs nøytralitet. Livssynsnøytralitet er utopisk, men mange kjenner at dei må vere forsiktige og passive med trua. Har ein ei sterk mening, bør den

helst få ligge i ro. Det politisk ukorrekte vert raskt høvla ned i ulike media.

## Skulen

Unge i dag får ei anna opplæring i skulen enn før. Skulanle er klar over dette, men mange foreldre støttar seg for mykje til at barna skal få ei like grundig opplæring som dei sjølve. Ei endra rolle for KRLE-faget kan gi utsigge til lærarar som ikkje snakkar om eiga tru og elevar som trur at ingen lærarar er kristne.

## Kristne synest ikkje trua er viktig nok

3 av 4 studentar tek ikkje opp temaet kristen tru om dei ikkje vert spurt. Eit endra syn på religion der det er fleire vegar til frelse, gjer at ein ikkje treng fortelje andre om eiga tru.

## Kva kan me gjera?

Me må møta utfordringane på ein aktiv måte. Her er eit lite utval av handlingsalternativ.

## Trusopplæring

Kyrkja må ta eit større ansvar med solid trusopplæring. Kyrkja må hjelpe til der foreldra sjølv er usikre på trua og tilbakehaldne med å formidla den.

Espen Sigve Tveten

Sokneprest i Øygarden



## Fellesskap

Tru kan gi dei unge ein identitettskonflikt. Det er vanskeleg å skilje seg ut. Eit kristent fellesskap der ein vert akseptert og har kjensle av fellesskap er viktig. I slike fellesskap bør det og vere vaksne kristne som fungerer som førebilete og gir tryggleik til at trua, tvilen og det levde livet heng saman.

Dei kristne ungdomsmiljøa må ikkje berre ha fokus på god stemning og mykje trivsel, men også kunnskap og eigen refleksjon. Erfaring og kunnskap må gå hand i hand.

Det er heller ikkje eit gode at kristne berre oppheld seg i kristne miljø. I undersøkinga med studentane viste det seg at dei brukar i snitt heile 7 timer i kyrkja kvar veke. Men me lever ikkje livet berre på leir og i kristne forsamlingar. Då vert ikkje trua ein naturlig del av dagleglivet. Om ein har vore eksponert for det trygge og utsigge vekselvis, vil ein ha større føresetnad for å leve eit transparent og integrert liv på alle arenaer i livet.

Eg vil til slutt oppmunda om å be for unge kristne, at dei skal få frimod og tryggleik til å leve ut si tru.



Kunstnar Arne Mæland bearbeider Minnestenen som er henta frå Øygarden, der namna på dei 13 omkomne skal festast på.



Oversiktsbilde med Turøysamfunnet i bakgrunnen.

# Avduking av minnesmerke

Turøy-samfunnet har i åras løp vorte råka av fleire ulukker. Havet har kravd mang ein fiskar, og lokalsamfunnet ute i havgapet veit korleis det kjennest å vera i sorg etter ei ulukke. At eit helikopter som dagleg fyk over hustaka skulle dette ned, var ikkje til å tru.

## Bilete: ØK/ØV

Den 29. april i 2016 kl. 12 styrta eit helikopter på ein holme like ved Turøy. Helikopteret skulle frakte mannskap frå Gullfaks B plattforma til Flesland, og alle dei 13 om bord mista livet. Lokalsamfunnet på Turøy vart vitne til ei av dei største helikopterulukkene i noregshistoria.

Øygarden. Minnesmerket vert plassert på ein kolle like ved Turøybrua, og namna til dei 13 omkomne vert festa til steinen med ei plate.

**Avdukingsseremonien tek til  
måndag 29. april kl. 15.00.**

På 3-årsdagen etter ulukka vert det avduka eit minnesmerke; ein granittstein frå

Ordførarane i kommunane Sund, Øygarden og Fjell samt sokneprestane i Sund og

Øygarden vil lesa opp namna på dei omkomne. Seremonien varer om lag ein time, og vert ramma inn av musikkinnslag med lokale krefter. Arrangementet er ope for alle som har høve til å delta.

Velkommen!

Ottar Vik  
koordinator



## Konfirmantane sin våraksjon!

For andre året på rad har konfirmantane i Øygarden samla inn pengar til Stefanusalliansen og arbeidet dei støttar i Egypt.

Ein fin marskveld vart brukt til oppdraget. Konfirmantane kom nøgde tilbake til kyrja til kakao og lappar. Dei kunne fortelje at folk gav pengar både kontant og på Vipps.

Til saman kom det inn over 33 000 kroner som går direkte til arbeidet som vert drive av Mama Maggie og hennar medhjelparar i søppelbyen utanfor Kairo! Her bur 200 000 menneske under svært dårlege forhold og hjelpearbeidarane hjelper dei både ved å drive barnehagar og med mat og helsehjelp. Tusen takk til alle som har bidratt! Om du ikkje fekk sjanse å gje og vil vera med å bidra, kan du vippse til 75628 og merke med «Søppelbyen».

## Uforgløymelege Pasjonsspelet i Oberammergau

I snart 400 år har innbyggjarane i den vesle alpelandsbyen Oberammergau kvar 10. år framført Pasjonsspelet om Jesu liding, død og oppstode for millionar av tilskodarar frå heile verda.

I 2020 skal spelet framførast 104 gonger frå 16. mai til 4. oktober. Bli med på ei gripande opplevelse i det naturskjöne område i Bayern i Sør-Tyskland. Ei vekes tur der vi også skal inno m Hitlers Ørnereide i Berchtesgaden, Innsbruck, Salzburg, Wien m.m. Fly til München, turistbuss med norsk sjåfør, retur heim med fly frå Wien.

Turleiar: John Solsvik frå Øygarden.

10. – 17. juli 2020 (8 dagar)

Turpris: kr. 18500,-

Arrangør: Globus Travel

Kontakt: 924 68 547 (mobil)  
el. johns@dagen.no



Screenshots frå tidlegare pasjonsspel i Oberammergau.

# Årsmelding 2018



❖ Konfirmantane sprang Thailandløpet for å samle inn pengar



Gospel teens syng på ei gudsteneste på Kystmuseet. Koret øver fast i Blomvåg kyrkje. Foto: Torgeir S. Johannessen

# Øygarden sokneråd



Frå årsmøtet i 2018.

Øygarden sokneråd har si merksemeld mot alt som kan gjerast for å vekkle og nære det kristelege arbeidet i soknet, særleg at Guds ord vert rikeleg forkynt. Kyrkjelova §9 peikar særleg på dette.

Soknerådet har handsama 57 saker i 2018. Kyrkjelydsutvikling/naturleg kyrkjelydsvekst står fast på soknerådet sin dagsorden. Mange saker er lik frå det eine året til neste år. Offer, enkeltarrangement som fellesskapskveldar og julefest, sommarfest for frivillige og økonomi- og budsjettssaker. I tillegg har soknerådet handsama høyringssaker frå kyrkja sentralt. Nytt i 2018 har vore samanslåing av kyrkjeloge fellesråd i Fjell, Sund og Øygarden. Soknerådet starta òg førebuinga til kyrkjelova i 2019. Sak om samanslåing av Hjelme sokn og Blomvåg sokn har òg vore på dagsorden.

## Arbeidet i soknet

Det skjer mykke i regi av kyrkja i Øygarden. Dette kjem til uttrykk i årsrapportane i denne årsmeldinga.

## Gudstenestelivet

Talet på gudstenester ligg fast. I arbeidet med kyrkjelydsutvikling (NaMu) er det fokus på at gudstenestene skal opplevast som inkluderande. Kyrkjekaffien vert vurdert som viktig. Alle ber eit ansvar for kvarandre og ikkje minst må ein sjå nye menneske som kjem til gudstenesta. Det er søndagsskule i mange gudstenester. Dette er eit viktig arbeid. Det er därleg med eigna plass i Blomvåg kyrkje for søndagsskule. Det er ei utfordring som har vore drøfta i kyrkjeloge fellesråd.

## Fellesskapet i kyrkjelyden

Fellesskapskveldar på våren og om hausten har vore faste tiltak i regi av soknerådet. Det er godt frammøte.

## Morgonmesser

Det er no fast morgonmesser før påske og i adventstida. Morgonmessene er lagt til Blomvåg kyrkje og startar kl. 6.30 og sluttar 7.15. Det er godt oppmøte. På første morgonmessa i advent deltok Gospel teens med fin song.

## Trusopplæring

Leirane må også i 2018 løftast fram som eit viktig tiltak i trusopplæringa. Det er brei og stor deltaking på leirane. Det er eit ønskje om fleire vaksenleiarar i tillegg til alle dei flinke ungdomane som er med som leirleiarar.

## Diakoni

Diakonimedarbeidaren er i 50% stilling og må prioritere stramt. Diakoniarbeidet til Den norske kyrkja er frå sentralt hald presentert som eit viktig arbeid. Diakoni omfattar menneske i alle aldrar og det må meir ressursar (les økonomi) inn i dette området om tenestene skal kunne utviklast.

## Frivillige uløna medarbeidarar

Det er registrert 159 frivillige medarbeidarar i 2018. Det er mange. Likevel er det behov for fleire, både unge og vaksne. Soknerådet takkar alle som stiller opp som frivillig uløna medarbeidar. Arbeidet kunne ikkje vore så omfattande utan frivillige.

## Misjon

Misjon er viktig for ein kyrkjelyd. Misjonsarbeid har alltid vore viktig for forsamlingane og kyrkja i Øygarden. Misjonsavtalen med NMS og IMI-kyrkja i Stavanger gjeld for arbeid i Thailand. I 2018 sprang konfirmanten inn kr 48 000 til dette arbeidet og det er offer i gudstenestene til dette arbeidet. Konfirmantane sin bøsseaksjon gjekk til Strømmestiftelsen og ein fekk inn over 47 000 kroner.

## Givarteneste

Talet på givarar har ikkje auka dei siste åra. Innkomne årlege beløp ligg på same nivå. Det trengst fleire givarar i åra som kjem, om ein skal oppretthalde arbeidet som soknerådet finansierer. Soknerådet medfinansierer t.d. teamet.

## Skjergardsheimen

Skjergardsheimen er svært viktig for leirarbeidet i regi av kyrkja. Leirstaden har eige styre, sitt eige rekneskap og årsmelding.



Hjelme gamle kyrkje vert rehabiliteret.



Frivillige i diakoniarbeidet.



Småbarnssongen.

## Samanslåing av Hjelme sokn og Blomvåg sokn

Soknemøtet gav i 2018 full tilslutning til at Hjelme sokn og Blomvåg sokn vert slått saman til eitt sokn frå og med kyrkjevalet 2019. Soknet ber namnet Hjelme og Blomvåg sokn.

# Øygarden kyrkjelege fellesråd

## Ansvar

Fellesrådet sitt ansvar er regulert gjennom kyrkjelova §14. I Øygarden er fellesrådet lik soknerådet når det gjeld medlemer, med tillegg for kommunal representant. Fellesrådet har handsama 47 saker i 2018. Økonomi, rutinar og høyringsuttalar har stått på dagsorden gjennom året.

## Leiing

Det er kyrkjeverja som er øvste administrative leiar for fellesrådet si verksamd. Kyrkjeverja rapporterer til fellesrådet. Det er felles kyrkjeverje i Fjell, Sund og Øygarden. Dagleg leiing for verksamda i Øygarden er delegert til kontorleiar

## Personale

6,10 årsverk med tillegg for vikarar og team. Frå juni 2017 er det ei ordning med felles kyrkjeverje for Fjell og Øygarden og frå september i 2017 også med Sund. Janesh Amenia kom attende frå permisjon og tok til i stillinga som kyrkjetenar i Blomvåg. Kåre Kristoffersen er no kyrkjegardsarbeidar og arbeider i avtalt %-vis stilling.

## HMT (helse, miljø, tryggleik)

Det er ikkje registrert alvorlege hendingar i verksamda. Det har vore eit visst sjukefråvær også i 2018. Nærversarbeidet har høg prioritet, og sjukmelde vert følgt opp. Det er ein liten stab og sjukefråvær kan vere merkbart i arbeidet.

## Miljø eksternt

Det er ikkje registrert forureining frå kyrkjelege anlegg.

## Økonomi

Fellesrådet sin økonomi er til dels stram og det er fokus på å halde budsjettet. Rekneskapet er ikkje avslutta når tekstdelen av årsmeldinga vert skriven.

## Rammeløyving frå kommunen og tilskot

Øygarden kommune gav for 2018 ei rammeløyving på kr 5 305 000. Bjørgvin bispedøme yter eit vesentleg tilskot til trusopplæringsarbeidet, for 2018 kr 614 000. Dette er dei største inntektskjeldene.

## Kyrkjene

Brannvesenet har gjennomført branntilsyn i 2018. Det er registrert nokre systemavvik som må lukkast. Det er ikkje gjennomført større vedlikehald på Hjelme kyrkje og Blomvåg kyrkje. Øygarden kommune utfører eit stort vedlikehaldsarbeid på Hjelme gamle kyrkje. Dette arbeidet vert avslutta hausten 2019.

## Gravplassane

Det er ikkje gjort større vedlikehald på gravplassane i 2018. Det vert gjort eit sesongbasert arbeid heile året. I 2018 vart det bestemt at den vestre delen av Blomvåg nye gravplass skal hevast slik at ein kan gravlegge i 2 nivå. Det er òg bestemt at delar av muren som har rast ut rundt denne gravplassen vert sett i stand saman med anleggsarbeidet for heving.

## Planar

Det er ingen planar som er fornya i 2018. Det er fokus på å følgje opp trusopplæringsplanen.

## Reguleringsarbeid

Øygarden kommune er i gong med reguleringsarbeid for Blomvåg-området. Øygarden kommune har også med i sine planar område for ny gravplass i Blomvåg og større parkeringsareal for kyrkja.

## Gravferder

Fellesrådet har ansvaret for gravlegging av alle menneske uavhengig av tru og livssyn. Det vart gjennomført 37 gravferder i 2018.

# Soknepresten sin årsrapport

Tenesta som sokneprest er variert. I løpet av nokre timer kan det gå frå vigsel til dødsbod, frå samtale med ein lukkeleg dåpsfamilie til å planleggja gravferd med ein familie i djup sorg. Etter det kan det gjerne vera øving med ungdomar til dramastykke til neste gudsteneste. Tenesta er mangearta og meiningsfull og eg er audmjuk og takksam for møte med menneske i alle livssituasjoner.

## Ny kommune

Kva skjer med kyrkjelyden i den nye storkommunen? Dette spørsmålet møter eg ofte. Det er mykje snakk om samanslåing av kommunar og fellesråd. Det vil verta endring for kyrkjas del, men det viktigaste vil verta som før; for lokalkyrkjelyden og kyrkjelydsmedlemmane vil bestå. Der ligg kyrkja si framtid. Eg vil fortsatt vera prest for folket som soknar til Blomvåg og Hjelme kyrkje. Økonomien er usikker, men me må håpa det òg i framtida er politikarar som gjev gode rammeverk for kyrkja. Samstundes må kyrkjelyden sjølv forberede seg på å auka inntektene gjennom fast gjevaruten og kollekt.

## Eit sokn

Hjelme og Blomvåg er slått saman til eit sokn. Det vil ta nokon år før vi ser konsekvensane av dette. Me må i denne tida ha auge for den minste eininga, Hjelme. Me må sjå til at arbeidet der er vitalt og at det vert lagt til rette for at folket kan engasjera seg. Dei to kyrkjebyggja er ulike og utfyllar kvarandre. Nokre arrangement egner seg best i Hjelme, andre i Blomvåg. Me får òg Hjelme gamle kyrkje restaurert dette året, og me må saman med ulike aktørar finne ein hensiktsmessig bruk av denne kyrkja.

## Samanslåing av fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden vert slått saman frå 1.1.2020. Dette fører til et fellesrådsområda vert slått saman. Det har vore mykje arbeid i 2018 relatert til dette. Kyrkjeverje Olav Martin Vik er prosjektleiar. Ei kyrkjeleg fellesnemnd har det overordna ansvaret.

**Espen Sigve Tveten**  
Sokneprest



## Kyrkjelydsbygging

Som prest har eg ansvaret for at kyrkjelege handlingar vert gjennomført på ein god måte. Like viktig er arbeidet med å leggja til rette for og utruste til aktiv deltaking i det byggjande arbeidet i kyrkjelyden. Me har i kyrkjelyden eit ynskje om mange varme relasjonar. Her har alle eit ansvar. Det skal vera varma relasjonar innom kyrkjeveggane, men like mykje utanom sundag og kyrkjedag. Tenk så mange møte me har i løpet av ei veke og ein månad. Møta våre med menneske er viktige, og gjennom det me er og gjer kan andre oppleva seg elska av Gud og menneske.

Me har dei seinare åra hatt arrangement som skal fremja varme relasjonar. Desse arrangementa har blitt positiv mottekne av kyrkjelyden. Det er mellom anna fellesskapskveldar haust og påske, morgonmesser i advent- og fastetida, julefest, sumarfest for frivillige, KRIK-gudsteneste. Dette året hadde me òg eit positivt samarbeid med Kyrmuseet om ei gudsteneste der. Som sokneprest vil eg retta ei takk til frivillige, råd og stab for godt samarbeid året som ligg bak. Må Gud sjå i nåde til oss i tida som ligg føre.



Frå gudstenesta på Kyrmuseet. Foto: Torgeir S. Johannessen

# Kyrkjelydspedagogen sin årsrapport

Hogne Berland  
Kyrkjelydspedagog



Når det nye året er i gang, er det fint å sjå tilbake på året som har vore. Ein stor takk til alle som gjer ein innsats for at barn og unge i Øygarden skal få verta kjent med Jesus. Han er lyset for verda og han er lyset for dei unge i Øygarden. Ein kort årsrapport får ikkje fram alt arbeidet som skjer, men her kjem nokre glimt frå 2018.

## Barne- og ungdomsarbeidarar

I haust som i fjar haust kom det ingen søkerar til ettåringsstillingane. Vi valgte difor også i år ei litt anna løysing enn det tradisjonelle teamet. Lill Grete Stranda og Lydia Sandøy Rong, som var med oss i fjar, sa ja til å halde fram i sine deltidstillingar. I tillegg vart Mathilde Karin Dale tilsett frå august 2018. Ho er med på alle leirar, i tillegg til K2, K2pp, Plussklubb og meir. Desse tre er tilsett fram til sommaren 2019.

## Samarbeid med skular og barnehagar

Vi er heldige i Kyrkja i Øygarden som har eit godt samarbeid med skulane og barnehagane i kommunen. Dette håpar vi å halde fram og kanskje utvikle endå meir. Alle skulane er på skulegudsteneste før jul kvart år. 1., 2. og 6. klassane frå alle skulane kjem kvar haust på besøk for å lære om kyrkjene, kva dei vert bruk til, kristne symbol og meir. Dette er eit samarbeid med kommunen og Den kulturelle skulesekken. Kyrkja organiserer også opplegget Vandring gjennom Bibelen. Det er eit opplegg over fire skuletimar som alle 5. klassane har på skulen kvart år. Vi er også svært takksame for at vi får koma rundt i klassane og informere om leirane våre på Skjergardsheimen.

Barnehagane har eit eige opplegg før jul der dei er med på julevandring i Hjelme kyrkje. Her er barna sjølv med og har roller i juleevangeliet medan dei vandrar rundt i kyrkja med ulike stoppestader i historia. Vi har også hatt påskevandringar for nokre av barnehagane tidlegare. I 2018 var første året der vi hadde ei felles påskevandring der dei eldste barna frå alle barnehagane deltok. Elevar frå ungdomsskulen var med og dramatiserte påskeevangeliet. Dette var ei flott oppleveling og alle barnehagane seier dei vil koma att i år.

## Bibelgrupper

Dei tilsette i barne- og ungdomsarbeidet har i 2018 organisert fire bibelgrupper med ungdomar. Dette er ungdomar som vert med i bibelgruppe i konfirmasjonstida

og ein del av dei held også fram etterpå. Vi har stor tru på at bibelgruppe er ei god setting for å verta betre kjent med den kristne trua.

## Samanslåing

Også i barne- og ungdomsseksjonen har det vore interessant å følgja prosessen med samanslåing av fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden. Ein slik prosess fører naturleg med seg noko uvisse, særleg med tanke på korleis dei tilsette skal organiserast når ein no får felles arbeidsgjever med base på Straume. No byrjar imidlertid mykje å kome på plass. Kvart sokn har framleis eigne trusopplæringsplanar og ein vil framleis tilsette barne- og ungdomsarbeidarar og pedagog som skal ha Blomvåg og Hjelme sokn som arbeidsområde. Dette gjer at samanslåinga vil påverke vårt trusopplæringsarbeid i liten grad.

## Leirane

Leirane er framleis svært populære og me ser at behovet for leirleiarar stadig er stort. På leirane våre på Skjergardsheimen var 320 barn og unge deltakarar i 2018. Mange flinke ungdommar er med og dreg lasset som leirleiarar. Dei gjer ein flott innsats og fortener stor takk. Vi ser likevel stort behov for leiartrening og opplæring i den kristne trua for dei som er leiarar. Vi har to leirleiarkurs i året, men kunne med fordel hatt endå meir leiartrening. Dette vil vi sjå nærmare på framover. Også dei tilsette på Skjergardsheimen skal ta stor takk. Dei legg godt til rette for at vi kan arrangere leirane våre knirkfritt, og jobbar stadig på for å oppgradera leirplassen.

## Bøneemner

- At barn og ungdom i Øygarden får møte Jesus og får ein frelsar for livet.
- At vi får nok leiarar i barne- og ungdomsarbeidet vårt.
- At Gud viser oss korleis vi skal organisere arbeidet vårt slik at flest mogleg får høyre.
- At me får gode medarbeidarar i trusopplæringsarbeidet også frå hausten 2019.



Konfirmantane sin bøsseaksjon.



Skulebesøk i kyrkja.

# Diakonimedarbeidaren sin årsrapport

Eit nytt år ligg framfor oss, og det er tid for eit tilbakeblikk på 2018. Arbeidet har vore mykje det same som året før. Mange gleder og oppmuntringar, men og sorg og sakn etter dei som har gått bort i bygdene våre.

## Besøkstenesta

Me har dessverre mista nokre av dei som eg fekk besøkja i året som har gått. Men mange andre har me hatt kontakt med, ved besøk eller telefon-kontakt, enten i heimen eller på Tednebakkane. Takk til dykk frivillige som er med i denne tenesta! Ta kontakt med kyrkja om du, eller nokon du kjenner vil ha besøk!

## Eldretreff

Mange flotte samlingar har me hatt, også i 2018! Hjelme og Blomvåg sokn hadde 8 samlingar kvar, samt ei felles juleavslutning på Tednebakkane. Med ulike gjestar kvar gong, prøver me å skapa variasjon i programmet. Andakt, song, biletframsyning, historiefortelling, med meir. Frammøte har vore godt, frå 25-40 på vanlege samlingar. På juleavslutninga i desember (På TBOS), var me samla over 80! Med besøk av eit song-fellesskap frå Nordhordland, vart det ei feststund for oss alle! Ei stor takk til alle frivillige som var med både denne dagen, og elles på dei månadlege samlingane våre.

Me prøver no å tenkja litt nytt for eldretreffa, før me vert ein storkommune. Korleis kan me framleis驱ive dette arbeidet på ein god måte? Då treng me fleire frivillige, då nokre av dei som er med no, vil trekka seg etterkvart. Er dette noko for deg? Kom med idear og innspel, og meld deg som frivillig!

**Bjørg Blom**

Diakonimedarbeidar



## Busstur

Årets høgdepunkt for eldretreffa, er den tradisjonelle bussturen. 5.juni, i eit strålende sommarver, køyrd ein full buss med øygardingar, og kryssa fleire kommunegrenser, til Austrheim, og over Sognefjorden. Første stopp her var Sellevåg gamle treskofabrikk. Vidare over bruver til Mjømna. Der vitja me kyrkja, og fekk både trekkspelemusikk og andakt ved Gjert Iversen. Etterpå drog me til Skjerjehamn, der me fekk god middag. Fotografering av kongestatuen fekk me òg tid til, før me vende heimover att. Takk til alle turdeltakarar, og frivillige som hjelpte til!

## Innvandrararbeid

Språksprell held fram som før, og er eit samarbeid mellom norskopplæringa, NAV, og Frivilligsentralen. Me er tre frå kyrkjestaben som er med her, kvar måndag. Denne hausten har det vore ei mindre gruppe innvandrarar. Dermed har me kunna hatt litt anna opplegg av og til, som til dømes: Tur til Ormhilleren, samling på Biblioteket, aktivitetar i Hjeltefjorden Arena, besøk på Kystmuseet og Visningssenteret. Planen var også ein tur til Gamle Bergen, men därleg ver hindra dette. (Håpar å lukkast på våren). Dette er ein fin måte å bli kjent med innvandrarane på, så meld deg gjerne på ved å kontakte frivilligsentralen.

## PDU

Diakonane i prostiet har i 2018 hatt fleire møter der me drøfta vegen vidare i den nye storkommunen. Elles har me hatt 2 temakveldar dette året: 19. april inviterte me til temakveld om menneskeverd. Då fekk me besøk av lege og forskar Morten Magelsen, og jurist og politikar Åsta

Årøen. Og 8. november hadde me tema om sorg, med Laila og Tarald Ueland som gjestar. Dei delte med oss eigne erfaringar om det å mista nokon. Emne: 1) La oss snakke om sorga, 2) Den einsame sorga, 3) Sorg tar tid. Desse kveldane er opne for alle. Me fekk òg vakker musikk begge kveldane.

Sorggruppe hadde me vinteren 2017/2018, med 9 samlingar. Kjenner du nokon som kan ha bruk for dette, så ta kontakt med kyrkjekontoret. Våren 2019 vil me innvitera til samlivskurs, der alle par kan vera med, uansett alder. Det går over 2 eller 3 kveldar. Nærare opplysning vil koma etterkvart.

## Kurs/seminar

Også i 2018 har eg fått vore på fine samlingar for diakonar /diakoniarbeidrarar i regi av Bispedømekontoret. Det er til inspirasjon for oss som står i dette omfattande arbeidet.

Eit nytt år er alltid spennande, med nye oppgåver og moglegheiter. Me legg planar, men framtida kjenner berre Herren. Takk til alle eg fekk møta i året som gjekk, og gode ynskjer for året som ligg framfor! Helsar med Jesaia kap. 41, vers 10: «Frykt ikkje, for eg er med deg, ver ikkje redd, for eg er din Gud! Eg gjer deg sterkt og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand.»

# Kantor sin årsrapport

## Det har vore 5 musikkarrangement dette året:

Hjelme kyrkje:

- 17.06: Nordhordland musikklag. Til stades: rundt 80.
- 10.12: Julekonsert med Anita Heggholmen, Roy Vorland m.fl. Til stades: 142.

Blomvåg kyrkje:

- 03.05: Konsert: Kari Fjeldstad og Steinar Christensen. Til stades: rundt 10.
- 13.12: Rong brass. Til stades: 283.
- 16.12: Julesonggudsteneste/musikkandakt. 128 til stades. Øygarden skulekorps og Øygardskoret



Kathrine Kristoffersen Skjold syng på ei gudsteneste.

Anne Lise Grøm

Kantor



Eg meiner at den tradisjonelle «Vi syng jula inn» bør takast opp att. No har me hatt julesonggudsteneste kl. 11.00 i to år som eit prøveprosjekt. Eventuelt kan den eine vera kl. 11 som no, og den andre om ettermiddagen i den andre kyrkja. I Hjelme var den siste «Vi syng jula inn» i 2015 med 112 til stades. Den siste ordinære i Blomvåg var i 2016 med 153 til stades.

## Korarbeidet

Øygardskoret hadde 10 medlemmer i 2018. Sjølv om koret er lite og derfor er sårbart, får me ofte godord frå tilhøyrarar – det set me stor pris på! Koret song på gudstenester i begge kyrkjene, på julesonggudstenesta i Blomvåg, og på Tednebakkane både vår og haust. Damene i koret song på Internasjonal kvinnegruppесamling på ungdomsskulen. Å syngja i kor er sosialt fellesskap!



Øygardskoret.



## Kyrkjelydstur til Israel

36 personar deltok på turen til Israel i oktober 2018.

Dette var også ein studietur for kyrkjestaben.

Ein innhaldsrik og lærerik tur.

## Deltakarar i 2018 på

- Leirane: 320
- Pluss-klubben: 20-25 (per gong)
- K2: 15 (per gong)
- K2pp: 10 (per gong)

## Øygarden kommune

Folketal 01.01.19 4.889

Fødde 59

Døde 44

Innflytting 247

Utflytting 250

Folkevekst 12

## Statistikk for Hjelme og Blomvåg sokn

Nokre nøkkeltal	2018	2017
Døypte	46	41
Frammøtte på gudstenester totalt	8779	8006
Nattverdsdeltaking	2571	2816
Konfirmantar	49	48
Offer totalt	253 742	242 320
Givarteneste	96 950	107 100
Andre innsamlingar (misjonsløpet)	59 233	67 700
Innmelde	1	2
Utmelde	11	23

# Baby- og småbarnssongen

## Babysong

Annankvar måndag kl. 11.00–12.30. Babysong er for barn mellom 0–1 år. På babysong syng me vanlege små barnesongar og regler. Ein del kristne og nokre som klappeklappe-søte og liknande. Me avsluttar med å tenne lys i lysgloben for kvar av barna og be bøna: Kjære Gud ta handa mi, og synge velsigninga. Så et me medbrakt lunsj i sideskipet etterpå. Kari B. Solheimslid eller Mathilde Karin Dale har vore medhjelparar.

Me hadde 7 samlingar på våren, men på to av dei kom ingen, og det var berre ein som var på 3 eller fleire samlingar. Hausten 2018 var mykje betre. Me hadde 7 samlingar der den eine samlinga var på TBOS med dei eldre. Det har vore 12 barn som har vore på 3 eller fleire samlingar.

Kari Sandøy Rong

Kontorleiar



## Småbarnssong

Annankvar tysdag kl. 17.30–19.00. Småbarnssongen er eit opplegg for barn frå 1–3 år. Hjå oss er det barn frå 1–5 år. Her syng me både kristne barnesongar og andre barnesongar og regler. Vi avsluttar samlinga med å tenne lys i lysgloben og be bøna vår som på babysong, og synge velsigninga. Vi et medbrakt kveldsmat etter samlinga. Det har vore godt å ha Kari B. Solheimslid eller Mathilde Karin Dale som har hjelpt til med tillaging av kaffi, te og saft, rigging og rydding, og til å styre songane på mobilen.

Det har vore bra frammøte heile året. Me har hatt 15 samlingar, og det er 30 barn som har vore på 3 eller fleire samlingar. På småbarnssong er det fleire søskan som er med, og mange har både mor og far med seg, spesielt var det på våren, og nokre har bestemor med. Ein del av dei eldste (5-åringane) slutta etter sommaren og har begynt i barnekoret Lyskastaren. 2. desember var me med på gudstenesta i Blomvåg og song. Det var kjekt.

# Konfirmantar 2019

**Blomvåg kyrkje  
laurdag 4. mai  
kl. 10.30**

Alekzander Rørvik  
Annabell Njøten Blom  
Anna Christina Knudsen  
Benjamin Oen Rossnes  
Henrik Andreas Halvorsen  
Julian Duqaj Sandbakk  
Mattias Augestad  
Ole Martin Dåvøy Skår  
Robin Toft Larsen  
Selihom Amanuel Tesfay  
Sondre Marthinussen  
Stian Vik  
Thea Isabel Thorsen  
Thea Sofie Misje Torsvik

**Blomvåg kyrkje  
laurdag 4. mai  
kl. 13.00**

Andrea Sulen  
Asle Blom Watnedal  
Augusta Aurora Harkestad  
Gerard Villacarillo  
Joachim Børmo Myren  
Lea Heggøy  
Linnea Fjeldstad Oen  
Magnus Sjo  
Martin Flåten  
Maxmilliam Andre Harkestad  
Mia Iselilja Vik Paulsen  
Nathalie Tennfjord Eriksen  
Sebastian Rong Vetås

**Blomvåg kyrkje  
søndag 5. mai  
kl. 11.00**

Anne Sofie Eide Rong  
Christoffer Berthelsen  
Emma Synnøve Haugland  
Ida Marlen Rong  
Jim Roger Lape Hellesund  
Kevin Ekse  
Leif Inge Hjeltnes Hellesund  
Simon Romarheim Vik  
Sondre Ottesen Stølsnes  
Stine Marie Eide Rong  
Trine Rong

**Hjelme kyrkje  
søndag 12. mai  
kl. 12.00**

Eirik Fjeldstad Eikanger  
Elias Svellingen  
Emma Drange Semshaug  
Frida Storedale Knappen  
René Hellesund Rossnes  
Ruben Lønvik Snaprud  
Sebastian Hansen  
Silje Breivik  
Vegard Fjeldstad Eriksen



**VIL DU BIDRA?**

Bli med og gå 27. april fra Rong til Straume eller  
Vipps til 556983! Alle innsamla midlar går til  
Jonathans mindefond for barnekreftforskning

STRILAWALK.COM FOR MEIR INFO



# Gler seg til småbarnssang

– Når Cornelia får høyre at vi skal i kyrkja er dagen redda!

**Tekst og foto: Hogne Berland**



Barna likar godt songar med mange bevegelsar.

«Av og til tabber vi oss ut og fortel Cornelia litt for tidleg at vi skal på småbarnssang om kvelden.» Liv Carina Tveit Blom kan fortelje at dottera av og til gler seg nesten litt for mykje til å komme i kyrkja. «Då får ho ikkje i seg noko middag den dagen. Ho spør berre om kortid vi skal reise i kyrkja!»

Elisabeth Charlotte Jonas har vore med på småbarnssang med to barn sidan det starta i kyrkja i 2016. Dottera hennar, Neah, likar seg svært godt på samlingane. «Det er både lærerikt og sosialt for barna å vera her, og det er ein del av trusopplæringa.» Ho synes det er flott at barna får oppleve at kyrkja ikkje berre er ein stad der dei skal sitje i ro. Og songane vert ikkje berre sunge

i kyrkja. «Dei vert også brukt heime, litt gjennom heile dagen eigentleg!»

Saman med mange andre barn og foreldre møtest dei annakvar tirsdag kl. 17.30 i Blomvåg kyrkje. Tilbodet er kyrkja sitt trusopplæringstilbod for barn mellom 1 og 3 år, men eldre barn er også velkommen. Barna får lære korte og kjekke songar med bevegelsar, ulike regler og bønner. Både nye, kristne barnesongar og gamle slagrar står på programmet.

Samlingane vert avslutta med medbrakt kveldsmat. «Det er sosialt for oss foreldre også», seier Elisabeth og understrekar at ho ikkje synes det er stress å ha med barna ut på kvelden. «Sidan vi et kvelds i samlinga,

så er det veldig greit. Det er avslappa stemning her.»

Liv Carina er einig og understrekar at det ikkje er stress, men berre kjekt å vera med. «Barna koser seg veldig og gler seg! Cornelia elskar sang og musikk og det er fint å ha ho med her i eit kristent miljø.» Både Liv Carina og Elisabeth vil anbefale småbarnssang varmt til andre.

På spørsmål om kva som er favorittsongen, er det vanskeleg å velje, men Neah går for «Halle, halle, halleluja» og Cornelia for «Om jeg er liten eller stor!»



Såpeboblar er alltid eit populært innslag.



Liv Carina Tveit Blom med Cornelia (f.v.) og Elisabeth Charlotte Jonas med Neah likar seg veldig godt på småbarnssang.

## Hogne har ordet

**Hogne Berland**

Kyrkjelydspedagog



For nokre veker sidan var det leir for 6. klasse på Skjergardsheimen. På bibelsamlingane på denne leiren snakka vi om kva som skjedde i påska. Vi hadde med oss ei heimelaga tidsmaskin som viste seg å fungere bra. Ut frå den kom det ulike personar som kjente Jesus og vi fekk intervjua dei. Ein av dei vi møtte var disippelen Thomas.

Han kunne fortelje oss at han hadde fått det litt kjipe kallenavnet Thomas tvilaren. Han var nemleg ikkje saman med dei andre disiplane då Jesus viste seg for dei første gongen etter at han var stått opp igjen. Han syntes det var vanskeleg å tru på det dei andre fortalte. Han ville sjå først.

I dag kan vi ikkje sjå Jesus. Dei aller fleste truande opp gjennom historia har hatt det slik. Vi kan lese og høre kva disiplane opplevde, og så kan vi stole på at det er sant. Mange av oss kan nok kjenne oss igjen i Thomas sitt ønske om å sjå først. Det kan av og til vera litt trøst når vi kjenner oss igjen i personane i Bibelen på den måten. Dei var ikkje så ulike oss.

Thomas får til slutt sjå Jesus og får høre desse orda frå han: «Fordi du har sett meg, trur du. Sæle dei som ikkje ser, og endå trur.» Dette er også ord til oss i dag!

På leiren fekk vi også høre noko anna Jesus ein gong sa til Thomas. Det har sidan vorte eit av verdas mest kjente bibelvers: «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.»

## Dette skjer

### LEIRAR SKJERGARDHEIMEN

5.-7. april	Ungdomsleir 8.-10. klasse
21. september	1. klasse leirdag
22. september	2. klasse leirdag
1.-3. november	3. klasseleir
6.-8. desember	4. klasseleir

### REFUEL

5. april
19. april
3. mai
31. mai-2. juni – Refuel weekend

**Stad:** Rong senter

**Tid:** 19.30–22.30

### KRIK

12. april
26. april
10. mai
24. mai
Stad: Hjeltefjorden arena
Tid: 19.30-21.30

**Stad:** Hjeltefjorden arena

**Tid:** 19.30–21.30

### GOSPEL TEENS

9. april
23. april
7. mai
21. mai
4. juni

**Stad:** Blomvåg kyrkje

**Tid:** 18.00–20.00

### INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhold i opplegga.

Kyrkjekontoret i Øygardet

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

### Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane.

Ta kontakt om du vil delta frivillig.



**SPAR**

- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

Ferskvarespesialisten

Velsmakende varmmat

Fristende frukt og grønt

Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 8-22, laurdag 9-20

Bank i butikk

SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

## Fag Revisjon as

### Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf. 56 38 72 70,

eller se mer informasjon på [www.fagrevisjon.no](http://www.fagrevisjon.no)

Fag Revisjon AS, Bolgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no



- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldtallerken

Rong Catering a/s

Tlf. 9185 6258



**Torsvik**  
ELEKTRO

Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolantlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon: 922 34 062

[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

**Sotra Omegn**

BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume [ samme hus som Ligningskontoret ]

## GRAVMINNER



**Løvaas**  
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiaftale
- Gass



**BLOM**

SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted

Vi formidlar blomster til innland og utland



**INTERFLORA**

**Blomsterbua**

Rong sentr

Telefon: 56 38 92 65

Postboks 107, 5331 Rong

**Bergen Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
**POLDEN**

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Heine  
Polden



Cathrine  
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**

2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



# Kjøp kjapt, trygt og billig

# KIWI mini pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand-fred kl.07.00–23:00

Lørdagar 08:00–21:00



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

# Solstrands Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE**  
**GRAVFERD**



**NORGESHUS NORGESHUS**  
TH Bhas Bygg Øygarden  
Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålneset 2, 5337 Rong

e-post: [ta@norgeshus.no](mailto:ta@norgeshus.no)

[www.norgeshus.no](http://www.norgeshus.no)

# Montér®

Øygarden Byggcenter AS

Pålneset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: [post@oybygg.no](mailto:post@oybygg.no)

Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,

lør 09.00-14.00

**Ønsker du  
sol hjem?**

Vi kan tilby 12 rørs solhimler  
eller solseng med høy kvalitet.  
Du ringer - vi bringer!  
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B·P·S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22  
Mobil: 918 56 258

**øygarden**  
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790

E-mail:  
[post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

## Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

Normann 958 19 905

Ingvard 958 10 967



Trelastlager Tjeldstø

- Tilbygg

- Nybygg

- Rehabilitering

- Montering og utleie av brakker



**TORSVIK MUR**  
Alt i mur, puss og flisearbeid  
Rehabilitering/fornyning av  
gamle skorsteiner/piper

Dalekletten 44  
5337 Rong

Telefon: 91 16 83 75 E-post: [vidart1962@gmail.com](mailto:vidart1962@gmail.com)



ADVOkatgruppen BERGEN

- Arv/gaver
- Familierett
- Testamenter/samboeravtaler
- Ektekarter
- Samlivsbrudd
- Kontrakter/kjøp- og salg
- Trafikkrett/transportrett



Advokatfullmektig  
Bernhard Hauge

15 % rabatt til nye kunder fra Fjell og omegn.

Hjemmebesøk om ønskelig.

E-post: bernhard.hauge@agbergen.no

Tlf: 920 41 950 www.agbergen.no

Sandviksboder 1H, 5035 Bergen

-din el-kontakt

**VESTGAR<sup>V</sup>ELEKTRO**

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit

T: 400 30 210

E-post: post@vestgarelektr.no

www.vestgarelektr.no



## Gudstenester / Service

 Worship is the most important meeting point for Christians. It is the place where Christians become a visible congregation – a fellowship of people who share a faith in God and in the resurrection of Jesus Christ. It is a place where people together come before God. Here is a list of upcoming services in Øygarden

### 14. april – Palmesøndag

#### Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Helge Unneland.  
Offer til Bildøy bibelskule. Nattverd.  
Søndagsskule.

### 18. april – Skjærtorsdag

#### Blomvåg kyrkje kl. 17.00

Skjærtorsdagsgudsteneste ved Helge Unneland. Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
Nattverd.

### 19. april – Langfredag

#### Hjelme kyrkje kl. 11.00

Langfredagsgudsteneste ved Espen Tveten.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### 21. april – Påskedag

#### Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste ved Espen Tveten,  
Song av mannskoret 12Manna.  
Offer til Misjonsprosjektet i Thailand.  
Dåp. Nattverd.

### 22. april – 2.påskedag

#### Hjelme kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste ved Espen Tveten.  
Offer til Normisjon. Dåp.  
Nattverd.

### 25. april – Hjelme kyrkje kl. 19.00

Samtalegudsteneste med  
konfirmantane ved Espen Tveten.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### 28. april – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Espen Tveten.  
Offer til Misjonsprosjektet i Thailand.  
Dåp. Nattverd.

### 4. mai – Blomvåg kyrkje kl. 10.30

Konfirmasjonsgudsteneste ved Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### 4. mai – Blomvåg kyrkje kl. 13.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### 5. mai Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### 12. mai Hjelme kyrkje kl. 12.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Espen Tveten. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### 17. mai Hjelme kyrkje kl. 10.00

Gudsteneste ved Helge Unneland.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### 17. mai Blomvåg kyrkje kl. 11.30

Gudsteneste ved Helge Unneland.  
Offer til korpset.

### 19. mai Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Helge Unneland.  
Offer til Norsk Lutherisk  
Misjonssamband. Søndagsskule

### 26. mai Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste ved Espen Tveten.  
Jubileum for 50 års-konfirmantar.  
Offer til Stefanusalliansen. Nattverd

### 30. mai – Kristi himmelfartsdag

#### Vik bedehus kl. 11.00

Gudsteneste ved Espen Tveten.

### 2. juni Hjeltefjorden Arena kl. 11.00

KRIK-gudsteneste ved Espen Tveten.  
Song av Gospel teens. Lyskataren, KRIK  
og Refuel deltek. Nattverd.

## Døypte

### Blomvåg

- Leanora Lokøy Semshaug, Jensvarden
- Pauline Blom Torsvik, Veslevarden
- Magnus Turøy Blomvågnes, Rong
- Konrad Vik, Vik
- Amanda Vik, Knappebrekka
- Alfred Jentoft Akselsen, Blomvåg

### Hjelme

- Johannes widding-Breivik,  
Veslevarden
- Isabell Hammersland, Oen

## Døde

### Blomvåg

- Paul Vik, Vik f. 1938
- Håkon Torgeir Fredheim, Oen f. 1948

# Til lukke

## 70 år

- |           |   |
|-----------|---|
| 16. april | Magne Kåre Rong,<br>Vågsbotnen 15           |
| 17. april | Sissel Marie Wenche Hellesøy,<br>Methøyen 5 |
| 25. april | Randi Giertsen,<br>Arsettunet 26            |
| 26. april | Vibeke Gjøsæther,<br>Vikabrekka 21          |
| 3. mai    | Gunnar Michael Mikkelsen,<br>Knappevegen 11 |
| 7. mai    | Jarle Jostein Toft,<br>Vestrevegen 114      |
| 26. mai   | Gunvor Henriette Dale,<br>Flotevegen 118    |
| 28. mai   | Leif Johannes Blom,<br>Torvhaugen 23        |
| 29. mai   | Sidsel Karin Blomvågnes,<br>Raudnova 23     |
| 4. juni   | Asbjørn Ole Torsvik,<br>Vågevegen 3         |

## 75 år

- |           |  |
|-----------|--|
| 14. april | Harald Bjørn Rong,<br>Moldbrekkene 19  |
| 14. april | Alvhild Berit Hernar,<br>Haugevegen 42 |
| 18. april | Sigrun Åshild Toft,<br>Vestrevegen 1   |
| 19. april | Oddny Karin Lyngøy,<br>Arsettunet 19   |
| 28. april | Alfin Anton Nordøy,<br>Sæløyvegen 130B |
| 4. mai    | Aud Herdlevær,<br>Buknappen 1          |
| 7. mai    | Kristen Karl Heggøy,<br>Tuevegen 11    |
| 6. juni   | Kjell Ingar Alvheim,<br>Gjerdevegen 23 |
| 7. juni   | Olav Kristoffer Oen,<br>Austlandet 13  |

## 80 år

- |           |   |
|-----------|---|
| 15. april | Magnar Normann Svellingen,<br>Svellingen 24 |
| 27. april | Oddbjørg Maria Ebbesen,<br>Løtevegen 99     |
| 1. mai    | Kåre Rong,<br>Hanelen 18                    |

## 85 år

- |         |  |
|---------|--|
| 19. mai | Ingvald Martin Vik,<br>Ternholmvegen 22B |
|---------|--|

## 90 år

- |           |                                       |
|-----------|---------------------------------------|
| 25. april | Mathilde Andora Dale,<br>Dalevegen 55 |
| 26. mai   | Eugen Roald Strømsnes,<br>Svintræ 1   |

## 95 år

- |           |  |
|-----------|--|
| 17. april | Ingrid Nordvik Ottesen,<br>Nordvikklubben 2A |
| 3. mai    | Ragnar Rasmus Sæle,<br>Sælevegen 55          |
| 27. mai   | Inger Helene Oen,<br>Særberget 47            |



Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippesnummer

**Hjelme kyrkje: #75628**

**Blomvåg kyrkje: #75632**

**Leiropphald på  
Skjergardsheimen: #75635**

Vippsnummra som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

## Eldretreff

**Hjelme kyrkje  
kl. 17.00:**

Tysdag 23. april

Onsdag 22. mai:  
Fellestreff på TBOS kl. 16.30

**Tednebakkane omsorgsenter  
kl. 16.30:**

Torsdag 25. april

Onsdag 22. mai – Fellestreff

## Bibeltimar

Nautnes bedehus våren 2019

**Torsdag 25. april kl 19.00**  
Vegard Hetlebakke

**Torsdag 23. mai kl 19.00**  
Arnfinn Norheim

Etter bibeltimane vert det kveldsmat og samtale.

Hellesøy/Nautnes/  
Tjeldstø bedehus

## Retting frå feil i Øynytt nr. 1

4. mars er riktig navn:  
**Leif Magnus Ådlandsvik**

14. mars er riktig adresse på  
**Astrid Karen Alvhilda Torsvik,**  
Nygardsvegen 12

Redaksjonen

## Konfirmantjubileum 50-årskonfirmantar

**Hjelme kyrkje  
26. mai kl. 11.00**

**Blomvåg kyrkje  
23. juni kl. 11.00**

## Øygardssong 2019

**Set av 20.–22. september**  
**Hjeltefjorden Arena**

**Kristen musikkfestival**

**Meir informasjon i neste Øynytt.**

Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:  
[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

**Distribusjon i Øygarden:**  
Hammer transport, tlf. 92063006

**Distribusjon utanfor Øygarden:** Posten Norge

**Returadresse:**  
ØyNytt  
Postboks 144  
5331 Rong



## Kulturprisen

Øygarden Symjeklubb fekk tildelt kulturprisen for 2018. Klubben fekk prisen for jobben dei har gjort i 26 år, med å læra barn å symja. Symjeopplæring er ekstra viktig i ein kystkommune som Øygarden, der sjøen ligg rundt oss, heiter det i grunngjevinga.



Frå venstre, leiar i Helge Djupvevåg i Symjeklubben og Utvalsleiar Remi Oen som overrekte prisen

## Kommunal støtte til Skjergardsheimen



Formannskapet i Øygarden har samrøystes løvd 500.000 kroner til Skjergardsheimen. Pengane skal brukast til oppussing av Skjergardsheimen som er kalkulert til 3 millionar kroner. Skjergardsheimen har vore i bruk sidan 1975 til leirskule og andre barne og ungdomsaktivitetar. Mange barn frå Øygarden har vore innom leirane på Skjergardsheimen. I 2018 hadde dei om lag 11000 overnattingsdøger.

## Søndagskulen i Norge er 175 år

Søndagsskulens jubileum var markert på familiemøte på Vik bedehus i mars. Her er ein liten "bukett" av søndagsskule barn som framførte finne barnesenga. Søndagskulen har og er aktiv i Øygarden der mange barn er innom. Det er eit stor fotavtrykk i kommunen etter søndagsskule kulturen opp gjennom åra.



## Årsmøte for kyrkjelydane i Øygarden

Hjelme og Blomvåg sokn

Det vert årsmøte for kyrkjelydane i Øygarden  
Onsdag 24. april kl. 18.00 i Blomvåg kyrkje

### Tema:

Året 2018  
Korleis vert 2019 og 2020  
Kyrkjevalet  
Kyrkjelydsbygging  
Arbeidet på Skjergardsheimen

Øygarden sokneråd  
Erling Vik  
leiar



DEN NORSKE KYRKJA